



Borgarundersøkinga 2021

Aurland kommune

sentio
research
norge

Om undersøkinga

Borgarundersøkinga i Aurland 2021 kartlegg innbyggjarane sitt inntrykk av kommunen og tilfredsheit på ulike tenesteområde, blant anna kommunale tenester, tilbod og moglegheiter i kommunen, tryggleik og demokrati.

I denne rapporten presenterer vi funna frå undersøkinga, og trekkjar fram sentrale faktorar for at innbyggjarane skal oppleve Aurland kommune som ein god plass å bu og leve.

UTVAL

Undersøkinga er gjennomført blant eit tilfeldig trekt utval som består av 172 innbyggjarar i Aurland kommune, som er i alderen 18 år og eldre. Resultata er vektta på kjønn og alder, slik at utvalet best mogleg skal spegle fordelinga på kjønn og alder i befolkninga (populasjonen).

Intervjua er gjennomført på telefon i perioden frå 18. januar til 9. februar 2021.

PRESENTASJON AV RESULTAT

I undersøkinga har respondentane vurdert ulike område knyta til Aurland kommune på ein skala frå 1 til 5, til dømes frå 1 «Svært misfornøgd» til 5 «Svært fornøgd». I denne rapporten er svara koda om til standardiserte gjennomsnitt på ein skala frå 0 til 100, der 0 er det dårlegaste resultatet og 100 er det beste resultatet. Hensikta med dette er å forenkla tolkinga av resultata, blant anna når ein samanliknar resultata til ulike grupper. *Sjå «Borgarmodellen» for ei forklaring av måla i undersøkinga og tolking av resultata.*

I rapporten er resultata til Aurland kommune samanlikna med tal for kommunar med mindre enn 10 000 innbyggjarar (små kommunar) og det nasjonale snittet. Tala som er brukt til samanlikninga, er samla inn i ein nasjonal benchmark, som blei gjennomført på nett blant eit representativt

utval på 1000 personar i Noreg. Vi har også sett på forskjellar mellom ulike grupper blant innbyggjarane i kommunen, som kjønn, alder, hushaldningsinntekt og utdanningsnivå. I rapporten viser vi hovudresultat for kjønn og aldersgrupper, og alle resultata for undergruppene er tilgjengelege i vedlegget.

TESTING AV SIGNIFIKANS

Det er gjennomført signifikanstesting av forskjellar mellom resultata til Aurland og det nasjonale gjennomsnittet, samt mellom ulike undergrupper. Hensikta med denne testen er å undersøke om resultata til ei undergruppe er forskjellig frå motsatsen (alle dei som ikkje tilhøyrar same kategori), til dømes om innbyggjarane under 30 år svarar forskjellig frå dei som er eldre enn 30 år, eller om det er signifikant forskjell mellom svara i Aurland kommune og det nasjonale snittet. Dersom ein forskjell er statistisk signifikant, kan vi med 95 prosent sikkerheit hevde at den er reell i populasjonen og ikkje skuldast tilfeldigeheiter i utvalet.

Oppsummering

HOVUDRESULTAT

Aurland kommune oppnår fleire gode resultat i Borgarundersøkinga 2021. Kommunen får ein *borgarskår* på 76 (av 100 moglege poeng), eit framifrå resultat som er signifikant høgare enn snittet for små kommunar (under 10 000 innbyggjarar) (69) og på nivå med det nasjonale snittet (74). Det gode resultatet tyder på at innbyggjarane i Aurland er fornøgde med kommunen sin som ein stad å bu og leve.

Aurland får også ein god skår på samlemålet *omdøme* (72). Skåren er signifikant høgare enn både snittet for små kommunar (63) og Noreg (67). På samlemålet *tenestetilfredsheit* får kommunen ein skår på 60, som er eit middels godt resultat. Skåren på *tenestetilfredsheit* er på nivå med snittet for små kommunar (61), men kommunen skårar noko lågare enn det nasjonale snittet (66).

KOMMUNALE TENESTER

Totalt sett har innbyggjarane eit middels godt inntrykk av dei kommunale tenestene (63). Skåren på nivå med snittet for små kommunar (63), men noko lågare enn snittet for heile landet (67).

På dei ulike tenesteområda, er det noko variasjon i resultatata. For *drikkevatnet* (89) er det eit framifrå resultat, og kommunen skårar høgare enn snittet for små kommunar. Innbyggjarane har også eit svært godt inntrykk av *barnehagetilbodet* (79) og *grunnskulen* (74), og det er gode resultat for *avløpssystemet* (70) og *eldreomsorg* (69). Skåren på *eldreomsorg* er dessutan signifikant høgare enn det nasjonale snittet.

På områda *renovasjon* (65), *helsetenesta* (62), *kommunalt kulturtilbod* (59), *næringsutvikling* (56) og *vegar* (56) er det middels gode skårar. Skåren for *vegane* er signifikant høgare enn snittet for små kommunar, og

på nivå med det nasjonale tala. På *renovasjon* skårar Aurland derimot lågare enn benchmark. Skårane for *helsetenesta*, *kommunalt kulturtilbod* og *næringsutvikling* ligg alle under landsgjennomsnittet, men er på nivå med snittet for små kommunar. På områda *byggesaksbehandling* (36) og *gang- og sykkelstiar* (37) er det relativt svake skårar, og det kan vere rom for forbetring på disse områda. Resultatet på *gang- og sykkelstiar* er likevel på nivå med snittet for små kommunar.

TILBOD OG MOGLEGHEITER

På indeksen *tilbod og moglegheiter* (61) får kommunen ein middels god skår. Skåren er signifikant høgare enn snittet for små kommunar (56), men lågare enn snittet for heile landet (67).

På *natur- og friluftsliv* (97) og *turisttilbod* (89) er det framifrå resultat, som begge er signifikant høgare enn snittet for både små kommunar og heile landet. På *næringsverksemd* (63) og *jobbmoglegheiter* (54) er det middels gode resultat, og Aurland skårar signifikant høgare enn snittet for små kommunar på begge områda.

Det er litt under middels gode resultat på områda *ungdomstilbod* (58) og *kulturtilbod* (57). På *utdanningstilbod* (43) og *kollektivtilbod* (26) er det relativt svake skårar. Skåren på *kollektivtilbod* ligg lågare enn landsgjennomsnittet, men er på nivå med snittet for små kommunar

TRYGGLEIK I KVARDAGEN

Aurland kommune får ein god skår på samlemålet som handlar om innbyggjaren si kjensle av tryggleik i kvardagen sin (73). På indeksen skårar Aurland betre enn snittet for små kommunar, og litt betre enn landsgjennomsnittet (ikkje signifikant).

Resultata viser at innbyggjarane føler seg svært trygge på at dei ikkje blir utsett for noko *kriminelt* der dei bur (88), og Aurland skårar høgare enn snittet for både små kommunar og landsgjennomsnittet på dette området. Innbyggjarane kjenner seg også trygg på at kommunen har beredskap for å handtere krisesituasjonar (69), og resultatet er betre enn snittet for Noreg. Vidare kjenner innbyggjarane seg i middels grad trygg på at det samla sjukehusstilbodet i regionen gir dei forsvarleg behandling dersom dei blir sjuke (62). Her er skåren lågare enn landsgjennomsnittet, men på nivå med dei små kommunane.

DEMOKRATI

Demokratiet i Aurland kommune får ei litt under middels god vurdering av innbyggjarane (54), men resultatet er vesentleg betre enn snittet for både små kommunar (38) og det nasjonale gjennomsnittet (43).

Kommunen skårar best på *tillit* til politikarane (56) og politikarane si *lytting* til innbyggjarane sine synspunkt (54), mens det er litt lågare skår når det gjeld opplevd *innverknad* på kommunale vedtak (51). Aurland kommune skårar betre enn gjennomsnittet for både små kommunar og Noreg totalt på alle disse måla.

KOMMUNEN SOM ORGANISASJON

Resultatet på indeksen *kommunen som organisasjon* (58) er litt under middels godt, men er litt betre enn dei små kommunane (53) (ikkje signifikant forskjell) og på nivå med gjennomsnittet for Noreg (59).

Det er relativt liten variasjon i resultata på dei ulike områda. Aurland skårar best på *informasjon til innbyggjarane* (61), med eit resultat som er betre enn snittet i små kommunar. Skårane på *miljøbevisstheit* (58), *det*

kommunale tenestetilbodet (58) og *samfunnsansvar og etikk* (57) er alle litt under middels gode. Det er litt dårlegare resultat på *generell drift* (53), samanlikna med andre områder. Her ligg skåren lågare enn landsgjennomsnittet, men på nivå med dei små kommunane.

TILKNYTING OG TILHØYRSLE

Innbyggjarane i Aurland kommune kjenner i snitt stor grad av *tilknytning og tilhøyrsl*e til kommunen (79), og Aurland skårar høgare enn både snittet for små kommunar og landsgjennomsnittet. Vidare svarar innbyggjarane at det er sannsynleg at det vil anbefale kommunen som bustad (73), og på dette området er snittet høgare enn for små kommunar. Innbyggjarane seier også at det er svært sannsynleg at dei vil bo i kommunen om fem år (80).

SENTRUMSATTRAKTIVITET

Sentrum i Aurland kommune vurderast i liten grad som attraktivt av innbyggjarane (45), og skåren er lågare enn for kommunar av tilsvarende størrelse (under 5 000 innbyggjarar) (53).

SAMLA KOMMUNEVURDERING

Den samla vurderinga av kommunen er satt saman av resultata på borgarskåren, tenestetilfredsheit, omdømet og tilhøyrsle. Aurland kommune får ein skår på 72, som eit godt resultat. Skåren er høgare enn snittet for små kommunar, og litt høgare enn det nasjonale gjennomsnittet (ikkje signifikant).

KVA PÅVERKAR TENESTETILFREDSHEITA?

Det er spesielt fire enkeltfaktorar som er viktige for innbyggjarane si tenestetilfredsheit. Aurland kommune oppnår eit middels godt resultat på tenestetilfredsheit i 2021 (60). For å oppnå enda betre tenestetilfredsheit, vil det vere viktig å jobbe for å styrke resultatata på disse områda:

Tilfredsheita med *renovasjon* (65) er i dag litt over middels god, mens det er litt under middels god tilfredsheit med *næringsutvikling* (56). Det vil vere viktig å bevare, og om mogleg styrke, resultatata på disse områda. På tenesteområda *byggesaksbehandling* (36) og *gang- og sykkelstiar* (37) anbefalast det jobbe for å styrke tilfredsheita, slik at ein kan forbetre tenestetilfredsheita i framtida.

KVA PÅVERKAR OMDØMET?

Aurland kommune har eit godt resultat på omdømme (72), men det er likevel viktig å jobbe for å bevare det gode resultatet, samt gi rom for ytterlegare forbetring av skåren.

Viktige satsingsområde er *politikarane si lytting til innbyggjarane* (54), *informasjon til innbyggjarane* (61) og *oppleving av innverknad* (51). Andre viktige område er *generell drift* (53), *kulturtilbod* (57) og *næringsverksemd* (63).


KVA PÅVERKAR BORGARSKÅREN?

Borgarskåren til Aurland kommune er svært god (76) i 2021. Det er likevel viktig å jobbe for å oppretthalde og ytterlegare forbetre det gode resultatet.

Seks enkeltfaktorar har stor betydning for Borgarskåren. Det er i dag gode skårar på samlemålet *omdømme* (72), innbyggjaranes følelse *av tilknytning og tilhøyrsl* (79) og *tryggleik i kvardagen* (73), som det bør jobbast for å bevare. Videre bør det prioriterast å styrke inntrykket av *kommunen som organisasjon* (58), samt inntrykket når det gjeld *tilbod og moglegheiter* (61) og *tenestetilfredsheit* (60).

Borgarmodellen

Figur: Sentios Borgarmodell



HOVUDMÅL

Hovudmåla i borgarundersøkinga er *Borgarskåren* og dei to samlemåla *Tenestetilfredsheit* og *Omdøme*.

INDEKSAR

Dei fem indeksane er satt saman av spørsmålsgrupper som dekker underliggjande tema.

- Spørsmåla i indeksane *Kommunale tenester* og *Tilbod og moglegheiter* utdjupar Samlemål 1, *Tenestetilfredsheit*.
- Spørsmåla i indeksane *Tilbod og moglegheiter*, *Tryggleik i kvardagen*, *Demokrati* og *Kommunen som organisasjon* utdjupar Samlemål 2, *Omdøme*.

KONTROLLMÅL

Tilknyting og tilhøyrse er eit enkeltstående spørsmål som handlar om innbyggjaranes kjensle av tilknyting og tilhøyrse til kommunen. I tillegg har vi spurt om dei ville anbefalt kommunen som bustad, og om de ser føre seg å bu i kommunen om fem år.


RESULTAT

Resultata visast som standardiserte gjennomsnitt, der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår. «Veit ikkje»-svara er tatt vekk.

TOLKING AV RESULTATA (SKÅRANE)

80 og over:	Framifrå
70-79:	God
60-69:	Middels god
40-59:	Svak
Under 40:	Dårleg


Hovudresultat



Sentrumsattraktivitet er samanlikna med kommunar av tilsvarende størrelse (under 5 000 innbyggjarar).


Samla kommunevurdering er ein indeks som består av *borgarskåren*, *tenestetilfredsheit*, *omdøme* og *tilknyting og tilhøyrslse*.

Kommunale tenester




▲/▼ = Signifikant høgare/lågare enn Noreg 2018
 ↑/↓ = Signifikant høgare/lågare enn kommunar med under 10 000 innbyggjare

Tilbod og moglegheiter




▲/▼ = Signifikant høgare/lågare enn Noreg 2018
 ↑/↓ = Signifikant høgare/lågare enn kommunar med under 10 000 innbyggjare


Tryggleik i kvardagen




Demokrati



Kommunen som organisasjon




Oppsummering



Borgarkrysset: Aurland og Noreg

Figur: Borgarkryss. Resultata til Aurland i 2021 samanlikna med Noreg og kommunar med mindre enn 10 000 innbyggjarar.




Om borgarkrysset

Tenestetilfredsheit og omdøme er mål på to sentrale område som har å gjere med kordan innbyggjarane opplever kommunen dei bor i – totalt sett. Begge måla har sterk samanheng med borgarskåren.

Borgarkrysset er ei grafisk framstilling av dei to måla. Den horisontale aksene viser *tenestetilfredsheit*, og den vertikale aksene viser *omdøme*. Skårane vises som standardiserte gjennomsnitt der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår.


Resultatet for Aurland i 2021 visast med eit blått kryss i midten av figuren.

Merk at figuren er zooma inn for å illustrere forskjellane mellom dei ulike gruppene.



Borgarkrysset: Kjønn

Figur: Borgarkryss. Kjønn.



Figuren til venstre viser korleis kvinner og menn i Aurland plasserer seg på borgarkrysset. Det blå krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Aurland kommune.

Grupper som plasserer seg oppe til høgre i figuren, skårar betre enn gjennomsnittet for kommunen, både på *tenestetilfredsheit* og *omdøme*.


Grupper som er nede til venstre i figuren, skårar dårlegare enn gjennomsnittet i kommunen på dei to måla – og bør prioriterast for å forbetre kommunens samla resultat.

Merk at aksane er zooma inn for å illustrere forskjellane mellom gruppene.

+ Aurland 2021

Borgarkrysset: Alder

Figur: Borgarkryss. Alder.



Figuren til venstre viser korleis ulike aldersgrupper i Aurland plasserer seg på borgarkrysset. Det blå krysset i midten viser gjennomsnittet for befolkninga i Aurland kommune.

Grupper som plasserer seg oppe til høgre i figuren, skårar betre enn gjennomsnittet for kommunen, både på *tenestetilfredsheit* og *omdømme*.

Grupper som er nede til venstre i figuren, skårar dårlegare enn gjennomsnittet i kommunen på dei to måla – og bør prioriterast for å forbetre kommunens samla resultat.

Merk at aksane er zooma inn for å illustrere forskjellane mellom gruppene.

+ Aurland 2021

Kva påverkar *tenestetilfredsheita*?

Faktorar som påverkar *tenestetilfredsheita*

Tenestetilfredsheit er eit samlemål for indeksane

- *Kommunale tenester*
- *Tilbod og moglegheiter*

Figuren til høgre viser enkeltfaktorane som har størst påverking på *tenestetilfredsheita*. Påverkingskrafta finn vi ved å leite etter mønstre i svara, og sjå disse i samanheng med skårane på *tenestetilfredsheit*.


Den vertikale aksen viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den horisontale aksen viser kor stor påverking dei ulike faktorane har på *tenestetilfredsheita*. Desto lengre til høgre i figuren ein faktor er, desto viktigare er han for å kunne oppnå ein god skår på *tenestetilfredsheit*.

Kva bør ein prioritere?

Høgste prioritet bør vere å styrke faktorar som er nede til høgre i figuren. Faktorar som er øvst til høgre, har eit godt resultat, og ein bør ein jobbe for å bevare dette, og om mogleg styrke resultatet ytterlegare. Faktorar som ikkje er vist i figuren, er mindre viktige for *tenestetilfredsheit* og kan difor prioriterast lågare.

Tilstand	Vurdering	Anbefalt tiltak
80 og over:	Framifrå	Bevare
70-79:	God	Bevare
60-69:	Middels god	Styrke
40-59:	Svak	Styrke
Under 40:	Dårleg	Styrke

Figur: Tilstand/Påverking. Enkeltfaktorar som påverkar *tenestetilfredsheita*



Viktige faktorar som bør styrkes:

- Renovasjon*
- Byggesaksbehandling*
- Gang- og sykkelstiar*
- Næringsutvikling*

Kva påverkar *omdømet*?

Faktorar som påverkar *omdømet*

Omdøme er eit samlemaal for indeksane

- Tilbod og moglegheiter
- Tryggleik i kvardagen
- Demokrati
- Kommunen som organisasjon

Figuren til høgre viser enkeltfaktorane som har størst påverking på *omdømet*. Påverkningskrafta finn vi ved å leite etter mønstre i svara, og sjå disse i samanheng med skårane på *omdøme*.


Den vertikale aksen viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den horisontale aksen viser kor stor påverking dei ulike faktorane har på *omdømet*. Desto lengre til høgre i figuren ein faktor er, desto viktigare er han for å kunne oppnå ein god skår på *omdøme*.

Kva bør ein prioritere?

Høgste prioritet bør vere å styrke faktorar som er nede til høgre i figuren. Faktorar som er øvst til høyre, har eit godt resultat, og ein bør ein jobbe for å bevare dette, og om mogleg styrke resultatet ytterlegare. Faktorar som ikkje er vist i figuren, er mindre viktige for *omdømet* og kan difor prioriterast lågare.

Tilstand	Vurdering	Anbefalt tiltak
80 og over:	Framifrå	Bevare
70-79:	God	Bevare
60-69:	Middels god	Styrke
40-59:	Svak	Styrke
Under 40:	Dårleg	Styrke

Figur: Tilstand/Påverking. Enkeltfaktorar som påverkar *omdømet*



Viktige faktorar som bør styrkes:

Politikarane si lytting til innbyggjarane *Kulturtilbod*
Informasjon til innbyggjarane *Næringsverksemd*
Opplever å ha innverknad
Generell drift

Kva påverkar borgarskåren?

Faktorar som påverkar Borgarskåren

Figuren til høgre viser enkeltfaktorane som har størst påverking på borgarskåren. Påverkingskrafta finn vi ved å leite etter mønstre i svara, og sjå disse i samanheng med skårane på borgarskåren.


Den vertikale aksen viser tilstand (gjennomsnittsskåren), og den horisontale aksen viser kor stor påverking dei ulike faktorane har på borgarskåren. Desto lengre til høgre i figuren ein faktor er, desto viktigare er han for å kunne oppnå ein god borgarskår.

Kva bør ein prioritere?

Høgste prioritet bør vere å styrke faktorar som er nede til høgre i figuren. Faktorar som er øvst til høgre, har eit godt resultat, og ein bør ein jobbe for å bevare dette, og om mogleg styrke resultatet ytterlegare. Faktorar som ikkje er vist i figuren, er mindre viktige for borgarskåren og kan difor prioriterast lågare.

Tilstand	Vurdering	Anbefalt tiltak
80 og over:	Framifrå	Bevare
70-79:	God	Bevare
60-69:	Middels god	Styrke
40-59:	Svak	Styrke
Under 40:	Dårleg	Styrke

Figur: Tilstand/Påverking. Enkeltfaktorar som påverkar borgarskåren



Viktige faktorar som bør bevarast:

Samlemål 2: Omdøme
Tryggleik i kvardagen
Tilknytning og tilhøyrslø

Viktige faktorar som bør styrkes:

Kommunen som organisasjon
Tilbod og moglegheiter
Samlemål 1: Tenestetilfredsheit